



Boligbygg Vest AS
Fagerdalen 4
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1135 - 21/66687

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
06.10.2021

Mellombels bruksløyve - gbnr 323/567 tomannsbustad BK05 Frekhaug

Administrativt vedtak: Saknr: 1040/21
Tiltakshavar: Boligbygg vest AS
Ansvarleg søkjar: Tyark AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tomannsbustad BK05 på gbnr 323/628 og 323/627 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Tomannsbustad BK05 (hus 37 og 38) med adresse Elvavegen 25 og 27.**
- 2. Søknad om ferdigattest skal liggje føre innan 01.12.21.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.01.20 i sak 20/1135.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. G02 vert ferdigstilt i veke 40.
2. Masseutskifting og asfaltering KV01
3. Utomhus for resterande areal skal søkjast ved søknad om ferdigattest.

4. Avfallsplan skal liggje føre.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: tomannsbustad BK05.

Ansvarleg sækjar har opplyst tidspunkt for søknad om ferdigattest til: 01.12.21.

Det vert elles vist til søknad mottaken 06.10.2021.

Historikken i saka

Det blei i vedtak datert 24.06.2021 gjeve avslag på søknad om mellombels dispensasjon for bruksløyve knytt til tomannsbustad på BK05.

Det ble mottake førebels klage på avslag på søknad om mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i planen den 20.09.21.

Det vart i møte mellom kommunen og sækjar, tiltakshavar og advokatfirmaet Harris AS 04.01.2021 avklart kva som er gjenståande arbeid i feltet. I møtet blei det opplyst at tiltaket oppfyller rekkjefølgjekrav for BK05 er opparbeiding av GO2 og masseutskifting og asfaltering på KV01.

Kommune vurderer at BK05 oppfyller krava for å gje mellombels bruksløyve. På bakgrunn av det er det sendt inn ny søknad om bruksløyve for BK05 som er handsama i dette vedtaket.

VURDERING

Kommunen legg mottaken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for tomannsbustad BK05.

Skildring

Adresse:	Elvavegen 25 / 27
Bygningstiltak:	Tomannsbustad BK05
Bygningsnummer:	300789622 / 300789626
Bruksareal:	135,6 / 134,7
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1 / 1

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1135

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Boligbygg Vest AS	Eidsvågbakken 1	5105	EIDSVÅG I ÅSANE
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Thomas Tysseland			

Mottakarar:

Boligbygg Vest AS	Fagerdalen 4	5039	BERGEN
Tyark AS	Strandgaten 19	5013	BERGEN

